

NORSK HESTESENTER

Nøkkeltal om dei nasjonale hesterasane

RAPPORT FOR 2022



INNLEIING

Årsrapport for nasjonale hesterasar har vore skriva og utgiva av Norsk Hestesenter sidan 2018. Rapporten gjev oversikt over status på ulike fokusområde frå handlingsplanen for bevaring og utvikling av dei nasjonale hesterasane 2021-2030. Målet med rapporten er å gje ein oppdatert tilstandsrapport for hesterasane og fungere som eit referansedokument for dei som arbeidar med og for desse rasane.

Statistikken som vert presentert i rapporten er i hovudsak basert på talgrunnlag frå Nasjonalt Hesteregister og Norsk Hestesenter.

Etter to år prega av pandemi kan me sjå tilbake på ein utstillingssesong utan restriksjonar og økt aktivitet. Dei fleste rasane har klart å oppretthalde både bedekningstal gjennom to tøffe år.

God lesnad!

Norsk Hestesenter
Lena, 01.06.2023

Therese Selle
Fagrådgjevar, avl

ISBN 978-82-691930-3-9

Norsk Hestesenter©2023

Referansar:

Norsk Hestesenter (2022). Nøkkeltal om dei nasjonale hesterasane. Rapport for 2021.

INNHALD

Populasjonsparametere avl	4	Sport og aktivitet	24
Tilgjengelige avlsdyr	4	Skeid	24
Avlssesongen 2022	5	Fokus Unghest	24
Hestar nytta i avl	5	Det Norske Travselskap	24
Alder på avlsdyr	8	NM Brukshest	25
Hopper som går i avl	10	NM Fjordhest	26
Innrapportering av bedekningsresultat	11	Dølahestmesterskapet	26
Fruktbarheit	11	Dølahestcupen	26
Fødde føl 2022	14	NM Nordlandshest/lyngshest	26
Innavl	17	Veikle Balder Cup	26
Innrapportering frå hesteeigarar	18	Veikle Balder Allsidighetscup	26
Avlstiltak i rasene	20	Finansiering av avlsarbeidet	27
Rasespesifikke tiltak	20	Avls-/prosjektmidlar frå NHS	27
Landslaget for Dølahest	20	Fokus Unghest	27
Norges Fjordhestlag	20	Subsidiering av hestepass	27
Landslaget for nordlandshest/lyngshest	20	Andre tilskot	27
Det Norske Travselskap	20	Forsking	28
Testparing på nett	20	Vedlegg 1	29
Utstillingar	21		
Hingstar	21		
Hoppe, vallak og unghest	22		

POPULASJONSPARAMETER AVL

Dette kapittelet omhandlar potensiell avlspopulasjon for rasane, bruken av hingstar og hopper i førre sesong, samt langsiktige trendar i bedekningstal og følprosent.

I følge Nasjonalt Hesteregister sine databasar er den totale populasjonsstorleiken på om lag 3900 dølahestar, 5100 fjordhestar, 2900 nordlandshest/lyngshestar og 13 200 kaldblodstravarar i Norge ved utgangen av 2022. Dette er total populasjonsstorleik, definert som hestar fødd etter 31.12.1992, inkludert vallakar, og som ikkje er meldt døde

til registeret. Talet må ikkje forvekslast med tilgjengeleg avlspopulasjon som vert omtalt under.

TILGJENGELEGE AVLSDYR

Tilgjengelege avlsdyr (potensielt avlsmateriale) er her definert som alle registrerte hopper og ukastrerte hingstar fødd frå 2003 – 2022. Dei nasjonale rasane sin tilgjengelege avlspopulasjon er på om lag 2000 dølahestar, 2300 fjordhestar, 1400 nordlands-/lyngshestar og 6000 kaldblodstravarar (Tabell 1).

Tabell 1. Tal på og gjennomsnittsalder for levande hingstar og hopper fødd 2003-2022 for dei fire nasjonale hesterasane.

Kjelde: Nasjonalt Hesteregister

Rase	Hingstar	Snittalder	Hopper	Snittalder	Totalt
Dølahest	611	8,8 år	1452	10,0 år	2063
Fjordhest	704	8,1 år	1582	10,0 år	2286
Nordlandshest/lyngshest	416	7,4 år	965	9,7 år	1381
Kaldblodstravar	1606	7,1 år	4465	9,7 år	6071

Derimot er talet på hestar i kvar rase som faktisk bidreg atskilleg lågare (Tabell 2). For dølahest er det 21,2 % av dei tilgjengelege hoppene som bidreg i avlen, medan dei re-

spektive tala er 17,8 % for fjordhest, 14,8 % for nordlandshest/lyngshest og 14,6 % for kaldblodstravar.

AVLSSESONGEN 2022

HESTAR NYTTA I AVL

Bedekningstala for dei nasjonale rasane er for det meste tilsvarande det dei var i 2021 (Norsk Hestesenter, 2022). Tabell 2 syner talet på hingstar som vart nytta i avlsseasonen 2022, talet på bedekte hopper og tal på bedekningar totalt. Avvik mellom tal på bedekte hopper og tal på

bedekningar totalt, kjem av at ei hoppe kan vere bedekka eller inseminert med fleire hingstar. Dølahest og kaldblodstravar har ein svak auke i bedekningstal, medan fjordhest og nordlandshest/lyngshest går svakt tilbake. Tabell 3-6 viser utviklinga dei siste ti åra. Meir langsiktige trendar kan lesast i figur 4-7.

Tabell 2. Tal på bedekningar for dei nasjonale hesterasane sesongen 2022, tal tilgjengelege hingstar i parentes (henta frå hingstekatalogane). Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselkap

Rase	Hingstar	Bedekte hopper	Bedekningar
Dølahest	51(60)	308	312
Fjordhest	38 (50)	282	293
Nordlandshest/lyngshest	41 (62)	143	144
Kaldblodstravar	51 (106)	652	701

Alle rasane har avlsgodkjende hingstar som ikkje vert nytta. Dette kan føra til tap av viktig genetisk variasjon.

Kaldblodstravar er den rasen som brukar den minste delen av sitt tilgjengelege avlsmateriale.

Tabell 3. Oversikt over hopper og hingstar brukt i avlen, samt fødte føl dei siste ti åra for dølahest.

Bedkningsår Fødselsår	Hingstar	Hopper	Bedekningar	Fødde føl
2012 2013	38	243	267	159
2013 2014	42	225	227	142
2014 2015	39	187	188	108
2015 2016	39	206	207	103
2016 2017	41	220	225	121
2017 2018	44	246	249	144
2018 2019	43	236	238	128
2019 2020	48	248	254	148
2020 2021	49	280	284	156
2021 2022	51	304	330	167

Tabell 4. Oversikt over hopper og hingstar brukt i avlen, samt fødte føl dei siste ti åra for fjordhest

Bedekningsår Fødselsår	Hingstar	Hopper	Bedekningar	Fødde føl
2012 2013	39	220	225	125
2013 2014	33	194	204	117
2014 2015	32	147	149	85
2015 2016	35	226	242	132
2016 2017	40	251	260	131
2017 2018	36	231	235	132
2018 2019	42	271	280	170
2019 2020	41	247	256	154
2020 2021	54	271	276	189
2021 2022	34	294	312	187

Tabell 5. Oversikt over hopper og hingstar brukt i avlen, samt fødte føl dei siste ti åra for nordlandshest/lyngshest.

Bedekningsår Fødselsår	Hingstar	Hopper	Bedekningar	Fødde føl
2012 2013	39	98	99	70
2013 2014	41	116	116	77
2014 2015	49	174	181	116
2015 2016	45	145	146	86
2016 2017	44	174	174	124
2017 2018	51	136	137	80
2018 2019	43	146	146	106
2019 2020	45	151	151	110
2020 2021	48	166	167	118
2021 2022	38	169	169	115

Tabell 6. Oversikt over hopper og hingstar brukt i avlen, samt fødte føl dei siste ti åra for kaldblodstravar.

Bedkningsår Fødselsår	Hingstar	Hopper	Bedekningar	Fødde føl
2012 2013	67	948	1011	661
2013 2014	66	879	921	583
2014 2015	67	847	883	580
2015 2016	58	857	893	620
2016 2017	61	860	927	588
2017 2018	63	914	963	662
2018 2019	64	834	893	558
2019 2020	68	774	836	546
2020 2021	61	798	860	535
2021 2022	53	649	703	428




” Gjennomsnittsalderen på hingstar brukt i avlen har i år gått ned for alle rasar samanlikna med året før.

ALDER PÅ AVLSDYR

Gjennomsnittsalderen på hingstar brukt i avlen har i år gått ned for alle rasar samanlikna med året før (Figur 1). Kaldblodstravar har den største nedgangen i snittalder, den går ned med nesten to år. For hoppene har ikkje

snittalderen endra seg nemneverdig, og trenden med relativt høg snittalder på hoppene er lik i alle fire rasar. Gjennomsnittsalderen er noko lågare på hingstane enn hoppene for alle rasane bortsett frå hjå kaldblodstravaren, der snittalderen er likare for hingstar og hopper (Figur 1).

Figur 1. Gjennomsnittsalder for høvesvis hingstar og hopper brukt i avl i sesongen 2022, samanlikna med sesongen 2021, fordelt på rase og kjønn. Kjelde: Norsk Hestesenter



Jakobgardens Juni med føl Jakobgardens Rosaria e. Lille Ulrik.
Foto: Ingvild Rydjord Hansen

I Tabell 7 kan ein sjå korleis aldersfordelinga er på dei dyra som verka i avlen i sesongen 2022. Alderen på hoppene strekker seg frå tre år (to år i nokre tilfelle) til 23-25 år i alle fire rasar. Den eldste hingsten som går i avl er ein kaldblodstravar på 27 år, i dei øvrige rasane er eldste brukte hingst 20-22 år. Alle rasane har yngste hingst på tre år, medan yngste kaldblodstravarhingst er fem år.

Tabell 7. Aldersfordeling på hestar brukt i avl i 2022, fordelt på rase og kjønn. Kjelde: Norsk Hestesenter


	Dølahest		Fjordhest		Nordlandshest/lyngshest		Kaldblodstravar	
	Hingstar	Hopper	Hingstar	Hopper	Hingstar	Hopper	Hingstar	Hopper
3 år	6	32	11	44	11	18	0	6
4 år	3	31	2	15	7	16	0	11
5-9 år	24	89	10	83	13	35	18	205
10-15 år	13	104	8	77	5	36	22	314
15-20 år	5	52	6	48	5	23	10	98
20+ år	0	0	1	12	0	11	1	18
Sum	51	308	38	279	41	139	51	652

For fjordhest og nordlandshest er det eit avvik frå Tabell 2 grunna at det er bedekka seks hopper som er to år gamle i desse to rasane.

Når det gjeld bruken av unge hingstar i avlen, så er det ein oppgang for alle rasar unntatt hjå dølahest som har

ein nedgang på 6,6 % samanlikna med sesongen 2021. På hoppesida er det ein auke i bruken av hopper fem år og yngre for alle rasane, der nordlandshest/lyngshest har den største auken på 12 %. Tal frå sesongen 2022 kan lesast i Figur 2.

Figur 2. Bruken av unge dyr i avl 2022. Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travselsskap




Hopper som går i avl

Det har blitt spela inn ynskje om å sjå nærare på aktive avlshopper. Me har derfor undersøkt kva hopper som har gått i avl i perioden 2017 - 2021. I løpet av den perioden er det bedekka totalt 668 dølahopper, 706 fjordhopper, 447 nordlandshest/lyngshest hopper og 1720 kaldblods-

hopper (Figur 3). Av desse er det mellom 38,4% og 49 % av hoppene som berre er bedekka éin gong i løpet av heile perioden (Tabell 8). Det er under 10 % som er bedekt 5 gongar i løpet av den tidsperioden. Det er med andre ord eit fåtal av hoppene som går jamnleg i avl. Merk at ei hoppe kan vere bedekka fleire gongar per år.

Figur 2. Tal på unike bedekningar og hopper brukte i perioden 2017 - 2021.



Tabell 8. Oversikt over kor mange hopper som er bedekte mellom éin og fem gongar over ein femårsperiode.

Tal bedekningar i perioden 2017 - 2021		Dølahest		Fjordhest		Nordlandshest/lyngshest		Kaldblodstravar	
		Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
1		329	49,3 %	346	49,0 %	242	54,1 %	660	38,4 %
2		149	22,3 %	170	24,1 %	120	26,8 %	368	21,4 %
3		91	13,6 %	106	15,0 %	55	12,3 %	247	14,4 %
4		39	5,8 %	42	5,9 %	23	5,1 %	196	11,4 %
5		47	7,0 %	37	5,2 %	7	1,6 %	181	10,5 %

INNRAPPORTERING AV BEDEKNINGSRESULTAT

Norsk Hestesenter er avhengig av innrapportering frå hesteeigarane for å ha pålitelege data. Særskilt viktig er data om resultat av bedekningar då talgrunnlaget vert nytta til å overvaka utviklinga i rasane med omsyn til fruktbarheit, blant anna. Innrapportering av resultat av bedekning var i år på 100 % for dølahest og nordlandshest/lyngshest, 99,6 % for fjordhest og 97,5 for kaldblodstravar (Figur 3). Det at det er så god innrapportering i år, er eit resultat av stort fokus på dette gjennom årets siste

månadar. Norsk Hestesenter arbeidar i desse dagar med å forbetra sine digitale tenester. Målet er at dette skal føre til endå enklare innrapportering for hesteeigarar og meir detaljerte data om fruktbarheit på dei nasjonale rasane.

FRUKTBARHEIT

Følprosent er definert som tal fødte føl av tal på bedekningar året før og kan nyttast som eit mål på fruktbarheit i ein populasjon. I Tabell 9 er detaljerte bedekningsresultat frå sesongen 2021 presenterte.

Tabell 9. Detaljert oversikt over resultat av bedekningar i 2021 for dølahest (D), fjordhest (F) nordlandshest/lyngshest (N/L) og kaldblodstravar (K). Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap

Rase	Dødfødd føl	Følet døydde	Hoppa døydde*	Kasta	Kasta tvillingar	Levande føl	Resorbert	Tom	Tvillingar døde	Manglar info.	Totalsum
D	7	2	6	12		167	6	130			330
F	5	3	2	12		187	7	94	1	1	312
K	8	5	6	45		432	9	180		17 ¹	702
N/L	1		2	3	1	115	3	44			169

* «Hoppa døydde» indikerer at hoppa har vorte avliva/døydde etter bedekning, med ukjent drektigheitsstatus.


¹ Sju av desse er eksportert til Sverige.

Basert på innrapporterte tal har dølahest ein følprosent på 50,6 % (Figur 4), noko som er ein nedgang frå året før. Fjordhest har ein følprosent på 59,9 % (Figur 5) og har med det ein nedgang på nesten 10 % frå året før. Nordlandshest/lyngshest har ein liten nedgang i følprosent dette året, til 68 % (Figur 6), men er fortsatt den rasen som har høgast følprosent. Kaldblodstravar har ein følprosent på 60,9 % i sesongen 2021 (Figur 7), noko som er på same nivå som tidlegare år.




Hoppefølge i Tronhus 2022.
Foto: Katharina Sørensen


Figur 4. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og følprosent siste 20 år for dølahest. Kjelde: Norsk Hestesenter




Figur 5. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og følprosent siste 20 år for fjordhest. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 6. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og følprosent siste 20 år for Nordlandshest/Lyngshest. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 7. Utvikling i tal bedekte hopper, fødte føl og følprosent siste 20 år for kaldblodstravar. Kjelde: Det Norske Travselsskap



Drektigheitsprosent er eit mykje brukt mål på fruktbarheit i andre dyreartar. For å kunne seie noko sikkert om drektigheitsprosent er føresetnaden at dyra vert drektigheitsundersøkt ved ultralyd. Dette vert brukt i varierende grad på dei nasjonale rasane. Derfor veit me ikkje med sikkerheit kor mange som vert drektige, men resorberer fosteret tidleg i drektigheita eksempelvis. Eit grovt anslag på drektigheitsprosent kan likevel gjerast ved å legge saman alle resultat som indikerer at hoppa har vore drektig (Tabell 9), og dele på totalen, unntatt der hoppa døyde eller informasjon manglar. Ved å gjere dette så får ein drektigheitsprosent på 58,8 % på dølahest, 68,9 % for fjordhest, 72,8 % på både nordlandshest/lyngshest og kaldblodstravar. Merk at ved bruk av denne metoden vil mange ukjende resultat gi eit falskt positivt utslag på drektigheitsprosenten. Når innrapporteringa er god, som i år, gir dette mykje sikrere tal enn om andelen manglan-

de resultat er høg. Om ein samanliknar desse tala med fjorårets tal (Norsk Hestesenter, 2022) så har drektigheitsprosenten gått ned for alle rasar.

FØDDE FØL 2022

Fylkesvis oversikt

Det føregår avl av nasjonale rasar i alle landets fylke, men det er skilnad frå rase til rase kva fylke som har størst del av avlen. Nesten to tredjedelar av alle fødde dølahestar i 2022 er oppdretta i Innlandet eller Viken fylke (Tabell 10). Hjå fjordhesten står Vestland og Møre og Romsdal for over halvparten av dei fødde føla, deretter kjem Rogaland fylke (Tabell 10). For nordlandshest/lyngshest står dei to nordlegaste fylka for berre 30 % av dei fødde føla i 2022, mot 45 % i 2021 (Tabell 10). Viken, Innlandet og Rogaland er dei største fylka på oppdrett av kaldblodstravar, dei har til saman 55 % av dei fødde kaldblodstravarane i 2022 (Tabell 10).

Tabell 10. Fødde føl i 2022, fordelt på oppdrettarfylke. Kjelde: Norsk Hestesenter

Fylke	Dølahest	Fjordhest	Kaldblodstravar	Nordlandshest/ Lyngshest	Totalsum
Agder	6	8	43	7	64
Innlandet	62	12	88	16	178
Møre og Romsdal	8	34	4	19	65
Nordland	7	10	5	10	32
Oslo	2	1	2		5
Rogaland	12	16	60	6	94
Troms og Finnmark		2	11	23	36
Trøndelag	6	11	50	10	77
Vestfold og Telemark	3	6	44	3	56
Vestland	17	69	33	17	136
Viken	41	15	89	5	150
Total	164	184	429	116	


Avvik i fødde føl skuldast at det i tabell 9 er inkludert fødde føl som me berre har fått munnleg beskjed om og som dermed ikkje ligg i databasen med oppdrettarfylke.

Førekost av fargar


Mange er oppteken av fargar på hest og å ivareta fargevariasjonar i rasen. Fargar vert også overvaka fordi nokre av dei har vist seg å ha felles nedarving med spesifikke sjukdomar, slik som er tilfellet med sølvgenet og augesjukdom hjå nordlandshest/lyngshest. Hestar med dobbel dose av sølvgenet vil ha stor risiko for å utvikle alvorlege augelidingar. Derfor bør ein unngå å pare to individ som

begge er berar av dette genet. Då røde individ kan være skjulte berarar av genet, bør ein heller ikkje para røde individ med ukjent sølvstatus med kvarandre, eller berarar av sølvgenet. I figurane som følgjer under kan ein sjå kva fargar føl av rasane dølahest (Figur 8), fjordhest (Figur 9), nordlandshest/lyngshest (Figur 10) og kaldblodstravar (Figur 11) fødd 2022 er registrerte med.


Figur 8. Registrerte fargar på dølahestar fødd 2022. Kjelde: Norsk Hestesenter




Figur 9. Registrerte fargar på fjordhestar fødd 2022. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 10. Registrerte fargar på nordlandshest/lyngshestar fødd 2022. Kjelde: Norsk Hestesenter



Figur 11. Registrerte fargar på kaldblodstravarar fødd 2022. Kjelde: Norsk Hestesenter




” Det som er viktig er endringa i gjennomsnittleg innavlsgrad per år eller generasjon.

INNAVL

Overvaking av innavlssituasjonen er svært viktig i små populasjonar. Om ein skal ha moglegheit til å setja i verk tiltak ved behov, er kontinuerleg overvaking nødvendig. Innavlsviklinga gir oss òg eit bilete på om avlsstrategiar og -politikk for å unngå innavl i rasane har ønska effekt. Innavlsgrad er den enkelte hest sin innavlsgrad og er eit mål som i seg sjølv ikkje gir mykje informasjon om

populasjonen sin innavlssituasjon. Det som er viktig er endringa i gjennomsnittleg innavlsgrad per år eller generasjon. Utvikling i gjennomsnittleg innavlsgrad per år for dei nasjonale hesterasane dei siste 50 åra er presentert i figur 16. I 2022 er gjennomsnittleg innavlsgrad for fødde dølahestar 12,49, for fjordhest er gjennomsnittet på 8,41, for nordlandshest/lyngshest 12,73 og for kaldblodstravar 8,84 (Figur 12).

Figur 12. Utvikling i innavlsgrad siste 50 år for dølahest, fjordhest, nordlandshest/lyngshest og kaldblodstravar fordelt på årgang. Kjelde: Norsk Hestesenter



I Figur 12 kan ein sjå at dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest viser tendensar til å ha stabilisert sin innavlssituasjon. Dette har vore eit sterkt fokus i avlsarbeidet dei siste åra, og det ser ut til å ha hatt god effekt. Kaldblodstravaren har hatt ein auke i sin gjennomsnittlege innavlsgrad over fleire år, og den stig også i 2022.


Dette til tross for at det har vorte sett i verk økonomisk stimuli til oppdrettarar som unngår paring mellom nært beslektta individ. Situasjonen må overvakast nøye og endå fleire tiltak bør setjast i verk dersom utviklinga fortset å gå i same retning.

INNRAPPORTERING FRÅ HESTEEIGARAR

For å ha så god oversikt som mogleg over populasjonane, har Norsk Hestesenter dei siste åra hatt økt fokus på innrapportering av døde og kastrerte hestar. Figur 13 syner utvikling i innrapporterte døde hestar dei siste fem åra. Kaldblodstravaren er inkludert her, sjølv om det ikkje er Norsk Hestesenter som tek imot desse innrapporteringane. Me ser at tre av fire rasar har hatt ein nedgang i innrapporterte døde. Nordlandshest/lyngshest har ein svak auke samanlikna med 2021. Frå og med 2022 vil alle

hestar over 35 år automatisk registrerast som døde. Dette vert gjort for å redusere mengda feil i databasen. Det kan føre til at nokre hestar vert feilaktig registrert døde, men den feilmarginen vert vurdert til å være vesentleg mindre enn om dei vert ståande som levande. I 2022 vart denne jobben køyrd 24.mars og denne dagen vart 43 488 hestar over 35 år registrert døde. I 2022 vart denne jobben køyrd 24.mars og då vart 43 488 hestar over 35 år registrert døde. I Figur 13 visast tal frå 2022 med hestar som er registrert døde på andre datoar enn 24. mars.


Figur 13. Tal hestar innrapportert som døde per år, fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter/Det Norske Travelskap



Når det gjeld innrapportering av kastrerte hingstar, kan ein av Figur 14 sjå at innrapportering av kastrerte kaldblodstravarar har vore ganske jamn dei siste åra, medan dei andre nasjonale rasane i større grad viser svingingar

når det gjeld dette. Det kan gjenspeile naturlege svingingar, eller det kan ha samanheng med at det er varierende fokus på dette i organisasjonane gjennom ulike år.

Figur 14. Tal hestar innrapportert som kastrerte per år, fordelt på rase. Kjelde: Norsk Hestesenter



AVLSTILTAK I RASENE

RASESPESIFIKKE TILTAK

Avlsorganisasjonane for dei nasjonale rasane har alle tatt i bruk økonomisk stimuli for å oppretthalde, aller helst auke, bedekningstal. Dei har også stort fokus på å stimulere til at fleire hingstar vert viste på kåring. Nedanfor følgjer ei oversikt over kva stimulerande midlar som vart utbetalt i 2022.

Landslaget for Dølahest

- Hingsteeigarar fekk refundert innmeldingsavgift for hingstar til førstegangskåring. [Vidareført]. Totalt utbetalt kr 18.000.
- Subsidiering av sprangavgift på hopper 3 og 4 år kor innavlsgraden ikkje overstig 15,5 % på kr. 2500 per hoppe. [Endra]. Summerte seg til 125 000 kr utbetalt.
- Tilskot til hingst i distrikt. Transportstøtte til hingstar leid av lokallag. [Nytt] Utbetalt kr 66 449 til saman.

Norges Fjordhestlag

- Midlar til leige av 3-, 4- og 5-årshingst
Lag tilslutta Norges Fjordhestlag og semin ved Norsk Fjordhestsenter vert oppmoda om å søkje støtte til leige eller kjøp av 3-, 4- og 5-årshingst. Søknad vert vurdert ut frå ei geografisk plassering for desentralisert fjordhestavl, avlsmessig breidde og bruk. Søknaden må vere grunngjeven. 9 lagshingstar fekk tilskot i 2022. [Vidareført]
- Midlar til 3-, 4- og 5-årshopper
Etter søknad vert det gjeve tilskot til bedekning av 3, 4 og 5 år gamle premierte hopper. 19 hopper fekk tilskot på 2500,- kvar. [Vidareført] Det vart gitt unntak om at hoppene måtte vere premierte.
- Midlar til hopper med lang avstand til hingst
Det er høve til å søke om stønad til dekking av utgifter ved sending av sæd frå Norsk Fjordhestsenter til hopper i Nordland og Troms og Finnmark. Det er óg høve til å søkje om stønad til transport av hopper med lang avstand til hingst og med over 500 km frå seminastasjonen til Norsk Fjordhestsenter. 7 hopper fekk kr 2500,- kvar i transportstønad i 2022. [Vidareført]

Landslaget for nordlandshest/lyngshest

- Tilskot til hingstehaldarar som viste hingst på kåring. 11 hingstar fekk tilskot på 2500 kr kvar.
- Bedekningstilskot etter søknad for alle bedekte hopper, på kr 1000 + kr 500 ved særskilte kriterium. [Endra] Totalt utbetalt 98 500 kr.

- Transportstøtte til avlshingstar som vart frakta minimum 500 km kvar veg, som ikkje hadde meir enn 15 registrerte avkom frå før og hadde slepp med minimum 3 og maksimum 10 hopper. [Vidareført] Totalt utbetalt kr 22 356.
- Hamningstilskot til hingstar som ikkje hadde meir enn 15 registrerte avkom og hadde slepp med minimum 3 og maksimum 10 hopper. [Vidareført] 13 hingstar fekk hamningstilskot på 2500 kr kvar.
- Tilskot for hingstar som vart framstilte for utvida bruksprøve. [Nytt]. 7 hingstar fekk utbetalt kr 3000 kvar.

Det Norske Travselkap

Har den siste tida sett stor fokus på innavl og innavlsreducerande tiltak. Dei går så langt som å seie at problematikken knytt til innavlsutviklinga er hovedelementet i avlsplanen for kaldblodstravarar. Det vart ikkje utbetalt noka form for tilskot i 2022. Dei har i 2023 lansert ei ordning der det mellom anna vil bli utbetalt tilskot til føl med innavlsgrad under 3,4 %. Du kan lesa meir om «Avlssjansen» på DNT sine nettsider¹.

TESTPARING PÅ NETT

Etter lanseringa av innavlsverktøyet EvA på nett² i 2019 har hesteeigarar moglegheit til å undersøkje kva innavlsgraden for planlagde avkom vert. På den måten kan dei aktivt ta del i og bidra til at avlspolitikken i sin respektive rase vert overhaldd. I løpet av 2022 hadde EvA på nett over 5800 unike brukarar, og desse hadde til saman over 15 000 sesjonar på nettsida. Dei skandinaviske landa står for mesteparten av trafikken, men det er også ein del brukarar frå Tyskland og USA.

UTSTILLING

Hingstar

Det var til saman 93 hingstar av nasjonal rase som vart framstilte for kåring eller premiering i 2022 (Tabell 11).

Blant dei frammøtte oppnådde 67 % av dølahingstane, 51 % av fjordhingstane, 92 % av kaldblodstravar-hingstane og 69 % av nordlandshest/lyngshest-hingstane si første eller fornya avlsgodkjenning.

1. Tiltakspakke for kaldblodstraverens framtid - Travsport.no

2. [https://sportords.riksfoto.no/ords/?p=135:1:3945049550274:":](https://sportords.riksfoto.no/ords/?p=135:1:3945049550274:)

Tabell 11. Hingstar av nasjonal rase som har møtt på utstilling og eventuelt fått avlsgodkjenning (K/Pr.) i 2022.

	6 år og eldre		4-5 år		3 år		I alt 2022		Prosent
	Møtt	K/Pr.	Møtt	K/Pr.	Møtt	K/ Pr.	Møtt	K/Pr.	
Dølahest	7	7	11	6	12	7	30	20	67 %
Fjordhest	4	4	6	3	25	11	35	18	51 %
Kaldblodstravar	5	5	6	5	1	1	12	11	92 %
Nordlandshest/ Lyngshest	0	0	5	4	11	7	16	11	69 %
Sum 2022	16	16	28	18	49	26	93	60	65 %



Tangen Minto vart kåra, stod som nummer 1 i kvalitet og vart dagens hest under hingstekåringa på Biri 2022.


Hoppe, vallak og unghest

Det vart vist totalt 543 unghestar av nasjonal rase (Figur 15) i 2022. Det vart vist heile 205 fjordhestar, noko som er det høgaste talet dei siste ti åra. Etter to år der mange utstillingar har vorte avlyste, er det gledeleg å sjå at ein er tilbake på tal som er like, eller betre enn, åra før pandemien.



Sølvdølen på unghestskue, Stav 2022.
Foto: Katharina Sørensen

Figur 15. Tal unghestar viste på utstilling siste ti år fordelt på utstillingsår og rase. Kjelde: Norsk Hestesenter




*Mange utstillingar vart avlyst grunna covid-19.

** Fire store utstillingar vart avlyst.

Det vart vist 213 vaksne hopper av nasjonal rase og 36 vallakar i 2022 (Figur 16). Også her ser ein at ein byrjar å nærme seg det nivået ein låg på før pandemien. Både dølahest og nordlandshest har høgare tal i 2022 enn i 2019, som var siste år før pandemien.

Figur 16. Tal vaksne hopper og vallakar viste på utstilling siste ti år fordelt på utstillingsår og rase. Kjelde: Norsk Hestesenter



*Mange utstillingar vart avlyst grunna covid-19.

** Fire store utstillingar vart avlyst.

SPORT OG AKTIVITET

Ein fullstendig oversikt over sport og aktivitet er dessverre ikkje mogleg, då ein felles database for desse data ikkje eksisterer. I tillegg inneheld ikkje alle databasane informasjon om rase, slik at den statistikken som kan utarbeidast ikkje fangar opp alt. Kartlegging av slike data og etablering av register som inneheld desse opplysningane er eitt av tiltaka som inngår i den nye handlingsplanen for bevaring og utvikling av dei nasjonale hesterasane 2021-2030. På sikt kan forhåpentlegvis dermed grundig statistikk på dette området presenterast. Vidare er det presentert eit utval av data rundt sport og aktivitet der hestar av nasjonal rase deltek.

SKEID

Sekretariatet for Skeid var i 2022 lokalisert på Norsk Hestesenter. Det er berre eitt Skeid som har rapportert inn resultat frå 2022. Me håpar at både aktivitet og innrapportering tek seg opp framover. Det er mogleg å søkja Fokus Unghest-midlar til å arrangere Skeid-konkurransar, og me håpar fleire vil nytte seg av dette framover.

FOKUS UNGHEST

Fokus Unghest er eit samarbeid mellom dei tre raseorganisasjonane for dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Fokus Unghest vil bidra til økt kompetanse hjå unghest-eigarar gjennom å gjera fagleg informasjon lett tilgjengeleg, tilby tilrettelagte kurs og seminar, stimulere

til gode samarbeidsmiljø og ikkje minst oppmuntre til eit aktivt tilvære med sunne unghestar. Tabell 12 viser oversikt over aktivitet siste to år og utbetalt tilskot.

DET NORSKE TRAVSELSKAP

Det Norske Travselsskap (DNT) arrangerer travløp for varm- og kaldblodstravar, samt løp for ponnier (ponnitrav). Løpsstatistikk og informasjon om sport for kaldblodstravar finn du på DNT sine nettsider³.

Nordlandshest/lyngshest

I 2022 var 16 nordlandshest/lyngshest til start på norske travbanar i regi av DNT.

Blant dei startande var det éin hingst, tre hopper og tolv vallakar. Hestane hadde ein snittalder på 9,4 år, og har starta frå 2 til 129 gongar i sin karriere. Dette gir eit snitt på 42,1 startar per hest i karrieren.

Fjordhest

Det var éin fjordhest til start i ponnitrav i 2022. Dette er ei hoppe på 13 år som har hatt 8 startar i sin karriere.

3. www.travsport.no

Tabell 12. Oversikt over aktivitet i Fokus Unghest 2022. Kilde: Fokus Unghest

	Utbetalt tilskudd		Antall kurs		Antall lag	
	2022	2021	2022	2021	2022	2021
Samla	177 500	137 500	44	32	16	12
Dølahest		31 500	24	8	8	3
Fjordhest		30 000	10	7	6	4
Nordlandshest/Lyngshest		71 500	12	15	2	3
Samarbeid	0	4 500	0	2	0	2

NM BRUKSHEST


NM i brukshest vert arrangert av Foreningen Arbeidshesten og det vert konkurrert om titlar i fire ulike greiner; skogshest, bruksriding, brukskøyring og pløying. Dersom det er deltakarar vert det også konkurrert i brukskøyring med par, men dette er ikkje ei NM grein.

Brukskøyring hadde totalt 14 startande ekvipasjar, deriblant éin junior. Bruksriding hadde totalt 23 startande ekvipasjar, kor fire var juniorar. I skogshest starta elleve ekvipasjar, og i pløying med hest starta fire ekvipasjar, kor to av ekvipasjane var spann med dølahestar(arbeidshesten.com). Hovudvekta av dei deltakande hestane var dølahest og fjordhest (Figur 17). Dei to andre nasjonale rasane var ikkje representert.



*Dølahesten Skarv Tor under NM Brukshest 2022.
Foto: Ingvild Rydjord Hansen*

Figur 17. Oversikt over talet på startande i NM Brukshest 2022 fordelt på rase og grein.




NM FJORDHEST

NM for Fjordhest vart i 2022 arrangert på Mo og Øyrane vidaregåande skule av Sunnfjord Hestesportslag. Her deltok 81 hestar, fordelt på 93 ekvipasjar og 389 enkeltstartar (Nryfstevne.no).

DØLAHESTMEISTERSKAPEN

Dølahestmeisterskapen 2022 vart avholdt på Lykseth Gård. Det var 24 hestar totalt som deltok i meisterskapen, fordelt på 31 ekvipasjar og 110 enkeltstartar. Av Figur 18 kan ein sjå at det er ein ganske stor nedgang i tal startande frå føregåande år.

Figur 18. Oversikt over startande i dølahestmeisterskapen fordelt på kjønn og år. Kjelde: NryfStevne/Landslaget for dølahest



Meisterskapen vart avlyst i 2020, derfor manglar tal for det året.

DØLAHESTCUPEN

Dølahestcupen var arrangert for sjette gong i 2022 og hadde 26 påmeldte ekvipasjar. I cupen samlar ein poeng ved å starte dølahest på organiserte stemner, både NRYF greiner, westerngreiner, Skeidstemne og arbeidshestgreiner. I tillegg får ein poeng ved å visa hesten på offisiell utstilling. Til saman samla 21 hestar inn 22 000 poeng i cupen (Landslaget for Dølahest). Dei siste fem sende ikkje inn noko resultat.

NM NORDLANDSHEST/LYNGSHEST

NM for nordlandshest/lyngshest vart i 2022 arrangert av Råde og Onsøy Rideklubb på Tune Ridesenter. Her deltok 40 hestar, fordelt på 50 ekvipasjar og 117 enkeltstartar (Nryfstevne.no).

VEIKLE BALDER CUP

DNT har sidan 2013 arrangert, i samarbeid med Veikle Balder, ein løpsserie for 4-årige kaldblodshestar. Frå og

med 2022 vart dette endra til å gjelde berre 4- og 5-årige kaldblodshopper. Løpsserien består av åtte kvalifiseringsløp før dei beste møtest til finale på Biri i oktober. Totalt deltok 59 hopper i Veikle Balder cup 2022 (veiklebalder.no).

VEIKLE BALDER ALLSIDIGHEITSCUP

Allsidigheitscupen føregår gjennom heile året. Poeng kan samlast ved å starte på organiserte stemne i Norges Rytterforbund sine greiner, samt westerngreiner og arbeidshest-greiner. All deltaking gir poeng. Det vert også gitt tilleggspoeng for hestar som er aktive i travsporten inneverande år, premiebonus for dei som plasserer seg som nr. 1, 2 eller 3 og allsidigheitsbonus der hestane får aukande antall poeng etter antall greiner dei deltek i (veiklebalder.no).

FINANSIERING AV AVLSARBEIDET

Her gis ei kort oversikt over finansiering av avlsarbeidet frå Norsk Hestesenter, samt midlar som kan søkjast over jordbruksoppgeret.

AVLS-/PROSJEKTMIDLAR FRÅ NORSK HESTESENTER

Norsk Hestesenter finansierer fleire avlstiltak og prosjekt i dei enkelte avlsorganisasjonane for alle rasar som dei har ansvar for.

Frå og med tildeling i 2020 vart retningslinjene for tildeling av midlar til avlstiltak vedtatt endra. Fram til 2019 var det slik at organisasjonane kunne søkje om midlar til konkrete prosjekt, men frå og med 2020 vert organisasjonane tildelte ein fast sum utan søknad. Dette er under føresetnad om at bruk av midlane vert rapportert i samsvar med gitte retningslinjer. Landslaget for Dølahest, Norges Fjordhestlag og Landslaget for nordlandshest/lyngshest vert tildelte 200 000 årleg, medan Det Norske Travselskap vert tildelt 100 000 kr. Overskytande midlar etter fast tildeling vert gjort tilgjengelege som midlar organisasjonane kan søkje om til spesifikke prosjekt.

For 2022 var totalramma på desse midlane sett til 1 300 000 kr. Det vart tildelt 1 070 000 til saman til dei nasjonale rasane i 2022 (Vedlegg 1). Vedlegget gir ei meir detaljert oversikt over tildelinga av midlar. Merk at dette ikkje gir ei fullstendig oversikt over alle tiltak i rasane, då ein del av desse er eigenfinansierte og for enkelte tiltak kan det være overført midlar frå tidlegare år.

Fokus Unghest

I 2019 vart det vedtatt at Fokus Unghest skulle finansierast som eit spleiselag mellom avlsorganisasjonane og dei na-

sjonale sentra. Dette inneber at 50 000 kroner av midlane som vert utbetalte til avlsorganisasjonen skal gå direkte til drift av Fokus Unghest. Dei tre nasjonale hestesentra Norsk Fjordhestsenter, Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest og Norsk Hestesenter skal bidra med ytterlegare 50 000 kvar. Det senteret som til ei kvar tid innehar sekretariatfunksjonen skal bidra med arbeidsinnsats i staden for reine midlar. Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest innehar for tida denne funksjonen. Med denne ordninga har Fokus Unghest eit minimumsbudsjett på kr 250 000 årleg.

Subsidiering av hestepass

Norsk Hestesenter bidrar direkte til den enkelte oppdrettar gjennom subsidiering av registrering og utferding av pass for dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Ordinær pris for hestepass var i 2022 kr 1505 medan oppdrettarar av desse rasane, som registrerer hesten innan frist sett i Landdyrsforbarhetsforskriften⁴, betalte kr 1200.

ANDRE TILSKOT

Eigarar av unghestar av rasane dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest kan søkje midlar over jordbruksoppgeret⁵. Sjå Tabell 13 for oversikt.

4. https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-04-07-637/KAPITTEL_7#KAPITTEL_7

5. https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2732005/NIBIO_RAPPORT_2021_7_42.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Tabell 13. Tal på unghestar og produsentar med unghest i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase frå 2018-2022. Tilskotsordninga vart etablert i 2017 og hesterasar som er berettiga tilskot er fjordhest, dølahest og nordlandshest/lyngshest. Kjelde: Norsk Genressurscenter, Nibio

	2018	2019	2020	2021	2022
Antall unghester registrert i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase	563	646	684	715	768
Antall produsentar med unghest registrert i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase	310	349	348	345	382
Prosentvis endring mellom år i antall unghester i produksjonstillegg for bevaringsverdig husdyrrase	11 %	13 %	6%	5%	7%

FORSKING

To store forskingsprosjekt der dei nasjonale rasane inngår pågjekk i 2022.

FeNomen: «Fertilitet hos nasjonale norske hesteraser». Det overordna prosjektmålet er å skaffe kunnskap om korleis ein kan betra reprodktiv helse hjå dei norske hesterasane med hovedfokus på epidemiologiske faktorar, handtering av innavl, og identifisering av recessive mutasjonar som forårsakar embryodød. Prosjektet er forventa fullført april 2025.

NaNohorse – «Genomisk kartlegging som redskap för hållbart avelsarbete i inhemska nordiska hästraser». Målet med prosjektet er å karakteriser genomisk mangfald og innavl innanfor og mellom nordiske hesterasar, med spesielt fokus på dei norske og svenske rasane. Genomisk karakterisering er eit viktig første skritt i å dokumentere noverande genetisk variasjon innan raser som skal bevarast, og unik variasjon mellom raser. Prosjektet er forventa fullført i juni 2025.

Begge prosjekta er finansierte av Stiftelsen Hästforskning, men både Norsk Hestesenter og raseorganisasjonane inngår i prosjektgruppene.



*Lille Ulrik og Caisa (e. Svoras Isak).
Foto: Ingvild Rydjord Hansen*

” To store forskingsprosjekt der dei nasjonale rasane inngår pågjekk i 2022.

VEDLEGG 1

Tabell 14. Utbetalte midlar til avlsorganisasjonane for dei nasjonale rasane frå NHS i 2022. Område er knytt til område i handlingsplan for nasjonale hesterasar. Kjelde: Norsk Hestesenter

Prosjekt/tiltak	Område	Beløp i kr
Prosjekt	Bevaring av genetisk variasjon	170 000 ⁶
Totalt fellesprosjekt		170 000
Landslaget for Dølahest		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Prosjektmidlar til avlstiltak		50 000
Dølahest totalt		200 000
Norges Fjordhestlag		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Prosjektmidlar til avlstiltak		50 000
Fjordhest totalt		200 000
Landslaget for nordlandshest/lyngshest		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	150 000
Prosjektmidlar til avlstiltak		50 000
Nordlandshest/lyngshest totalt		200 000
Det Norske Travselskap		
Faste midlar til avlstiltak	Bevaring av genetisk variasjon	100 000
Prosjektmidlar til avlstiltak	Avlsstall	150 000
DNT Totalt		250 000
Fokus Unghest sekretariat frå NHS	Utdanning	50 000
Totalt tildelte midlar for 2022		1 070 000
<i>Overført frå tidlegare år</i>		
*Skeid	Aktivitet og bruk	30 000 ⁷

6. Fellesprosjekt for fjord, n/l, dølahest for å stimulere til bruk av viktige avlslinjer.

7. Øyremerka felles samling for dommarar og arrangørar, overført frå 2020

